



Lars Monsen kjem til Festidalen.

**Eventyrar og rikskjendis Lars Monsen er utvilsamt det største trekkplasteret på Næringsseminaret under Festidalen. Saman med han deltar andre aktørar som bidrar til å skapa eventyr av gråstein. Dette vert ein skikkeleg godbit, og for at flest mogeleg skal få oppleva det, har arrangørane no lagt ut 100 billetter på Ticketco.**

På årets Næringslivsseminar deltar aktørar som bidreg til å skapa eventyr for deg og meg. Vi får møta aktørar som på kvar sitt vis gjev oss tilgong til dette vidstrakte landet vårt, og ikkje minst korleis ein kan nytta seg av det vakraste vi har å by på, og samstundes leva av det.

Lærarutdanna Lars Monsen har vore eventyrar på heiltid sidan tusenårsskiftet. Han elsker livet ute i naturen og kan sjå tilbake på godt over 4000 overnattingar i sovepose. Han har delteke på ei rad spennande ekspedisjonar, og frå desse har han gjeve ut ikkje mindre enn 18 bøker. Han har også gjeve ut DVD`ar frå ein del av reisene sine. Vi kjenner han frå svært så populære seriar på TV, og han har verkeleg inspirert og lært nordmenn til å setja pris på gode naturopplevingar. Han er også ein populre og mykje brukt føredragshaldarar så Festidalen har verkeleg gjort eit varp når dei har fått Monsen til å koma til årets næringsseminar.

De kan lesa meir om Lars Monsen på heimesida [www.larsmonsen.no](http://www.larsmonsen.no).

Men det er også andre spennande aktørar på Næringsseminaret. Nystarta Rosendal Event tilbyr skreddarsydde og gode naturopplevingar i lokalmiljøet. Fjord Norway, med ei eventyrleg satsing på opplevingar i dei 4 Vestlands-fylka, er på plass. Det er også Color Line og Bergen 2017 (Sykkel-VM). De finn meir om Næringsseminaret på [www.festidalen.no](http://www.festidalen.no).

For at flest mogeleg skal få med seg denne godbiten, er det no lagt ut 100 billetter på Ticketco. Dei kostar 400,- kr og inkluderer lunsj og heile arrangementet som er ope for alle. Her er det nok lurt å vera rask og gå inn på [www.festidalen.no](http://www.festidalen.no) og kjøpa billett.

Medan vi ventar på Festidalen og Næringsseminaret, kan vi klikka [HER](#) og sjå ein episode frå NRK-serien Monsen på villspor.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto frå Lars Monsen si heimeside.